

STATUTTER FOR KLUBBMESTERSKAP I SPRANG OG DRESSUR

Generelt

Det skal arrangerast klubbmesterskap i sprang og dressur kvart år. Sprang arrangerast om våren og dressur om hausten. Klubbmesterskapene arrangerast over 2 avdelingar i begge greiner der deltaking i 1 avdeling dannar grunnlaget for deltaking i 2 avdeling. Klubbmesterskapet er åpent for alle som har medlemskap i Tefre Rytarklubb uavhengig av representasjonsklubb i inneverande år.

Ryttar kan kun delta i eitt meisterskap, og må før start opp gi kva meisterskap man ønskjer å delta i. Kvar hest kan delta i to ulike nivå. Det er anledning å starte i dei andre klassene.

For å delta i klubbmeisterskapet må man melde seg på til sjølve meisterskapet og betale klubbmeisterskapsavgift på kr 150 pr meisterskap man deltek i.

Resultatberegning og premiering

Det er vanlig individuell premiering i kvar klasse. Klubbmesterskapene premieres så sant det er minst 2 startende i 1 avdeling. Det deles ut gul, sølv og bronsemedalje. Ved kun 2 deles det kun ut gull og sølvmedalje. I tillegg får klubbmeisteren premiedekken. Og nr 1, 2 og 3 får rosettar.

Resultatrekkefølgen i sprang bestemast ut i frå det samla antall feilpoeng frå 1. og 2. avdeling. I dressur bestemast resultatrekkefølga ut i frå totalt antall prosentpoeng for 1. og 2. avd.

Ved likeplassering vil resultatet avgjerast slik:

I sprang, ved omridning i 2 avdeling

I dressur er det høgste totalsum i Allment inntrykk som avgjer. Eventuelt blir det omridning om gullmedaljen.

Kvalifisering

Det er ingen kvalifisering utover generell kvalifisering.

Nedre aldersgrense for klubbmesterskap er f.o.m. det året rytтар fyller 11 år.

Nivå

Dressur:

LC Dressur – åpent for dei som ikkje har ridd over 55% i LB

LB Dressur – åpent for dei som ikkje har ridd over 55% i LA

LA Dressur – åpent

Sprang:

60 cm – open for dei som ikkje har ridd 80 cm, 1 avd bed 279, 2 avdeling bed 280

70 cm – open for dei som ikkje har ridd 90 cm 1 avd bed 280, 2 avd 274.5.3

80 m – open 1 avd bed 280, 2 avd 274.5.3

Ved spørsmål som ikkje er avklart i statuttane, henvises det til KRI (Generelt konkuransereglement) og KRII Sprang, KRIV Dressur